

Halling- ljom



Dagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 2/11

INNHALD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Lagdans i Seljord	side	5
Hallingbu	side	6
BLS saka ...	side	7
CD-plate med Ingebjør Sørbøen	side	10
Hallinglagsnytt	side	11
Helgekurs i hallingspringar	side	12
Program for hausten	side	13
Rørosmartnan	side	14
CD-plate med Arne Anderdal	side	17
Buskerudkappleik på Hokksund	side	19
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Eg ynskjer alle vener av Hallinglaget ein god haust.

Ja, dette har vore ein tragisk sommar. Det var eit sjokk å oppleve terror på Norsk jord! At ein mann kunne gjera så mykje vald og skade var sjokkerade. Bombesprenginga i Regjeringskvartalet og ikkje minst at så mange born, ungdomar og vaksne vart skotne på Utøya i Tyrifjorden er sjokkerande. Eg vart slått ut av dette, heilt sikkert saman med mange andre. Dette var ei ufatteleg tragedie, eit angrep på demokratiet vårt, utført av ein norsk mann frå Skøyen i Oslo!

Så dette har vore ein sommar som eg ikkje håper å oppleva att. Men, eg vonar at me klarer å overvinne denne store nasjonale tragedien. Det er svært viktig at me tar tilbake byen vår og klarer å videreføre det opne samfunnes vårt som me er så glad i. Eg trur me klarer det, folk har vist stor viljestyrke og handlingskraft etter terroraksjonane 22. juli 2011. Hallinglaget startar opp som planlagt med fyrste springarøvinga 7. september. Programmet i midten viser at september blir ein usedvanleg aktiv månad. Så møt opp på eit eller anna, eller alt, så me får til ein aktiv og triveleg haust .

Hallinglaget klarte elles den beste plasseringa på Landskappleiken so langt. Det å bli premiært og bli nummer 9 av 25 startande lag i Lagdans var ei stor oppmuntring for me som dansa. Så dette er grundig dokumentert seinare i dette bladet, med bilde av alle som deltok. Ein stor takk til desse. Elles er det skrive om fleire triveleg dansesamkomer og hendingar i dette nummer av Hallingljom.

Den viktige avklaringa om BLS-garden vil bli avgjort på ei ekstraordinære Generalforsamling, no utsett til tirsdag 27. september. So langt er Hallinglaget som støtter tilboda frå Olav Thon sannsynlegvis i mindretal, sjølv om tida nok arbeider for oss. Denne saka er omtala seinare i dette bladet, og den har vore omtalt i begge dei to siste utgåvene av Hallingljom. Denne saka har diverre resultert i ei vond splitting i BLS. Saka har kosta mykje krefter av undertekna, som mista litt av gnisten då ein havna i mindretalet under den opprivande avstemninga på Generalforsamlinga i mai.

Eg håper at denne saka får ei god avklaring den 27. september, slik at me kan sjå framover att. Viktigast for Hallinglaget er rimelege salar og at me kan danse vidare i dei neste hundre åra også ...

Vel møtt denne hausten.
Det blir mykje dans og moro for dei som kjem.

Kos dikkon med Hallingljom!

Beste helsingar
frå Terje

Hallinglaget i Lagdans Senior under Landskappleiken i Seljord 2011



***Hallinglaget etter lagdansens, der me klarte ein delt 9. plass av totalt 25 lag og vart premiært!
Ein stor prestasjon! – som me er veldig glade og stolte over.***

Vår spelemannen Ola R. Imset framme til venstre, han spelte ein gnistrande springar saman med Øyvind Brabant.

Para som dansa var frå venstre: Olav Sem og Else Mohn, Simon Hesselberg Løvald og Berit Grøtt Ellefsen, Geir Tretterud og Anne Stuvøy, Sigbjørn Galdal og Grete Iversen, Terje Grangård og Elin Berget.

Hallinglaget takkar alle dei som deltok.

HALLINGBU

Denne ettervinteren vart Hallingbu omringa av snø; ”det er meir snø der enn på Flø”, hadde Terje å melde midt i mars, etter ein snartur på hytta. Leiaren tok ansvar, fekk med seg Elin og Svein, og saman måka dei av tak på hytte og skjul. Minst ein meter djup snø på taket.

Elles har det vore ein roleg vår og sumar på Hallingbu.

Nokre turar har me hatt, og mykje bær er sankt inn på vegen opp mot hytta. Da er særskilt å nemne Svein og Terje som plukka kilovis med tyttebær på strekket frå Snippen til Hallingbu; så store som kirsebær!, meinte Svein.

Alle er velkomne på Hallingbu, og me håper på ein hausttur med mat og godt samver, og jamvel merka av eit par ting på dugnadslista...hurra!!

For sjå, så fint hytta ligg der uppe på haugen og berre ventar på den som har lyst på ein tur, og kanskje er det nettopp deg-
det håper eg.

Else



Hallingbu sommeren 2011, uthuset i bakgrunnen. Fotograf Svein Aasen.

Framtida til BLS er ikkje klar enno!

Splittinga i BLS har tatt på. Utruleg nok er forslaga/tilboda frå Olav Thon nedstemt so langt! Omlag 75% av stemmene på Årsmåte i mars gjekk til det uklare forslaget frå Bøndernes Hus (BHAS), som er forretningsstyret til BUL. Mykje på grunn av at dette tilbodet har hatt massiv støtte frå Styret i BLS dei siste par åra. BLS Styret har vore særskilt knytta til BUL og planene til BHAS. Dette styret i 2010 – 2011 har bestått av: Jon Låte, Nils Seland, Marianne Dahl, Bjørn Barvik og Liv Hege Skagestad. Alle desse stemte for forslaget til BHAS, samt alle dei 10 representantane frå BUL! Så om ikkje mest alle dei mindre laga står samla, er me mykje som talar for at Styret i BLS får det som dei vil. Det vil si det motsetta av kva Styret i Hallinglaget ynskjer og stemmer på!

Denne splittinga har skapt vondt blod mellom nokra av laga og leiarane deira. Dette er ein viktig sak, og det er vel klassiske skilkelinjer: Mellom dei meir nøkterne som vil pusse opp garden med hjelp av Olav Thon, og dei som vil rive mest mogeleg og satse stort på eit nytt forretningsbygg der ein kan håpe på gode leigeinntekter. Kvar alle millionane skal kome frå har dei so langt ikkje sagt så mykje om. Men dei skal vel låne på gardane, både sin eigen (Rosenkrantz gt. 8) og vår gard (Nordahl Bruns gt. 22).

Under listar eg opp tilbodet BLS har fått frå Olav Thon:

1. Bekoste utbedringer av alle skavanker, med inntil kr. 4 millioner som eiendommen Nordahl Brunsgate 22 måtte ha på grunn av manglende vedlikehold.
2. Innløse eiendommens pantegjeld oppad til kr. 10 millioner. Beløpet gis som en gave til Bygdelagssamskipnaden under forutsetning av at Bygdelagssamskipnaden blir stående som eiere av Nordahl Brunsgate 22 frem til år 2061.
Dersom Bygdelagssamskipnaden overdrar hele eller deler av eiendommen til andre interessenter før 2061, må beløpet tilbakebetales med tillegg av 3,5% rente p.a. til Olav Thon eller den stiftelse han ønsker skal få tiltransportert gaven.
3. Olav Thon Gruppen overtar drift og tilsyn med Nordahl Brunsgate 22 i 5 år og garanterer at Nordahl Brunsgate 22/BLS, årlig vil få en leieinntekt på minimum kroner 5 millioner pr år (12 måneders perioder fra oppstart av avtalen).
Dersom leieinntektene blir større enn 5 millioner pr år, fordeles dette beløp med 50% til Bygdelagssamskipnaden og 50% til Olav Thon Gruppen.
De medlemslag av Bygdelagssamskipnaden som ønsker å benytte forsamlingslokalene i eiendommen skal ikke betale høyere pris enn det de betalte i 2010.

Som ein ser er det **store** gåver det er snakk om! Spesielt punkt 3 er interessant med hensyn til å bygge opp kapital i BLS. I dag har BLS eit lån på 10 millionar og går i minus pga. dårleg drift. Om Thon skifter tak, dører og vindauge, og lånet blir borte; kan me få to millionar i pluss i staden for ingenting eller minus som i dag! Garden vår treng hjelp til å få rydde opp i fleire uheldige leigeavtaler som er gjort dei seinare åra. Med 5 millionar i sikre leigeinntekter og utgifter på om lag 3 millionar, kan me få eit pusterom til å vurdere framtida i ro og mak.

Thon har i alle fall fått augene opp på folk om at garden vår er verdifull. Heldigvis fekk årsmøtet valgt inn to nye medlemmer i Styret i BLS på Årsmøtet 22. og 24. mars i år. Anne-Lise Berggren frå Sogn og Fjordanelaget og Sigrid Live Horn frå Telelaget tok over for Bjørn og Liv Hege. Desse to kvinnene har gjort ein kjempejobb fram mot det omframte Årsmøtet som skal vere 27. september! No er begge alternativa sakleg vurdert, og det springande punktet er punkt 3 som gjeld drift på kort sikt! BHAS vil ha drifta og kontrollen frå dag ein, og ynskjer berre pengegåvene får Thon, punkt 1 og 2. Så dei vil ta over drifta og har levert eit "tilbod" som eg ikkje skjønar at laga i BLS kan gå med på! Det må vere basert på tro og håp, og ikkje fakta i "tilbodet". Slik eg lesar det, kort sagt (det er på mange sider), er at BHAS skal ta over drifta og kostnadene frå dag ein, så skal BLS få 100 tusen kroner til kulturarbeid i året, men BLS skal betale BHAS. 650,- kr, pr.time for utredningsarbeidet mht. utbygginga framover! Det skulle vel tilsi vel 150 timar før det er slutt på kontrollen for BLS?

For Olav Thon, raus som han er, har sagt at ein kan velge å berre ta imot punkt 1 og 2, og ikkje punkt 3, om me vil drive sjølv eller med hjelp av andre, til døme BHAS! Difor er punkt 3 det sentrale punktet; her er innstillinga frå Styret i BLS delt! Dei tre opprinnelege i Styret i BLS vil overlata drifta til BHAS frå dag ein, dei to nemnte kvinnene vil at me skal gå for drift av Thon slik at med får tid til ei tenkepause. Det er på dette forslaget Hallinglaget vil stemme.

Underteikna sendte ut ei melding til **alle** lagsleiarane i BLS, med synet til Hallinglaget. Denne meldinga er tatt med her:

Tema: Re: Årsmøtet i BLS er utsett til 27 september, sakspapir kjem 13 sept.

Gode BLS'ere

Utgreiingsarbeidet til Bøndernes Hus AS (BHAS) har tatt tid og det må det sjølv sagt gjere, for det er svært radikalt! - og omfattande!

Kvifor er det så om å gjera å ikkje ta det pusterommet som dei storslåtte gåvene til Olav Thon representerer? Her vil eg berømme arbeidet til Arnold Haukereid og Hilmar Nummedal i Bygningsnemnda, som har sett opp eit godt oversyn over kva for betra likviditet BLS kan oppnå med drift av Thongruppa i dei neste fem åra!

Eit minimum som må vera med i utgreiingsarbeidet til BHAS må vere å synleggjere at det er mogeleg å ta opp eit lån for BLS i størrelsesorden 130 millionar for riving og bygging av eit nytt Nordahl Bruns gt. 22, og få det til å gå i pluss! Korleis kan dette vere mogeleg når ein i utgangspunkt er på minus 10 millionar i lån og har budsjettert inneverande år med minus 800 tusen kroner? Dei som ikkje ser at dette er eit risikoprojekt må eg stille meg undrande til.

Thon sitt alternativ har ikkje den risikoen, med innlegging av fjernvarme og normal god drift er ein sikra gode inntekter som vil gje eit overskot på mellom 1 og 2 millionar kvart år i dei neste fem åra. Då har me GOD TID til å tenke på kva som skal skje etter dette. Då kan det eventuelt bli eit samarbeid med BHAS på lengre sikt, og på meir like fot enn det er no. For no må me få lagt noko bak oss og komme oss vidare, for den splittinga eg ser i BLS no er sært uheldig og skadeleg.

Her vil eg også takke dei to nye kvinnene i BLS-styret som har gjort det mogeleg å vurdere dei alternativa me har på ein nøktern og sakleg måte.

*Med helsing frå
Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*

Eg og eindel andre leiarar er bekymra for ei storinvestering på noverande tidspunkt. Det vil ta tid, antageleg 2-5 år før byggeplanene er klare, sjølv om BHAS sier noko anna, for byggetillatelse tar tid, men BKAS "trur" dei kan starte til våren! BHAS vil rive Halli og hybelhuset over denne salen, samt Storsalen. Dei har enorme planer for kva dei skal bygge, det vil koste i storleik 130 millionar! Og bygge opp eit moderne forretningsbygg for kontorutleige. Dei vil satse og "låne over pipa", og dei ser ingen problemer og farer med dette. Sjølv sagt ynskjer dei forrentning av garden vår (NB gt 22) om dei skal investere pengar! Så mange BUL-folk og BHAS var fortvila over tilboda frå Thon som endra planane deira. Planen var å overta garden vår tilnærma gratis og låne på denne, for så og sette i gang med ombygginga.

Går drifta til BHAS frå dag ein, så trur eg at BLS sine dagar som eineieigar av NB gt. 22 snart er ein saga blott. Ein kan ikkje berre "håpe" at ein har musklar nok til ei slik storsatsning og investering, og likevel ha kontroll. Kor hen er budsjetta? Eg er redd for at BLS ikkje kan skape nok inntjening til ei slik investering. Det er "rota" bort ein million i rot kvart av dei siste 2-3 åra. Likeins vil overgang til aksjeselskap gje dei små laga mindre (null) innflydelse. Det blir som om Norge skulle gå inn i EU. Då må ein rette seg etter dei største ...

Ein kan håpe at laga i BLS blir sikra dansesalar til ein rimeleg penge i åra framover. Dette er jo det viktigaste, men det vil nok bli strevsame år under ombygginga for mange lag. No har ein alt klart å "miste" eitt år med opp-pussing og inntekter frå Thon sine forslag.

Så ei anna skillelinje er dette: Mange meiner at me ikkje klarer oss sjølve, me klarer ikkje drifta, me må overlate "alt" til profesjonelle. Andre, slik som Hallinglaget meiner at me må halde på arvesølv og klare oss sjølve. Det er heller ikkje noko i vegen for at ein set bort utleigedelen til eit firma som kan dette. Det er ikkje berre Olav Thon som kan dette, men ingen vil betale meir for leiga enn han idag. Eg trur det er ein fordel å få gjort drifta av profesjonelle, i alle fall når det har kome skeivt ut som i NB gt.22. Her har det vore for liten kontroll med kven som leiger, dårlege kontraktar og uklare leigeforhold. Det har vore gjort eit opprydningsarbeid dei siste par åra, med å få klara og gode leigaavtaler, men det har tatt alt for lang tid, og er enno ikkje ferdig

Det blir ein viktig dag for BLS den 27. september, der mykje vil skje!

Terje Grangård

CD-plata "Fuggel'n" med Ingebjør Sørbøen



Ingebjør Sørbøen vitja Hallinglaget fredag 16. september, og leverte ein kjempefin konsert i Halli kl. 19.00. Det var synd at ikkje fleire hadde funne vegen dit, men Ingebjør gav oss ein sjeldan god konsert, så no har ho fått enno fleire vener i Hallinglaget.

Ho fekk seld nokre CD'ar og Hallinglaget har nokre for sal til kr. 150,- pr stk.

Etter konserten på ein time vart det servert blautkake, eplekake og ei anna kake! Etter det var det dans og moro resten av kvelden.

Ingebjør Sørbøen hadde CD-slepp under Folkemusikkveka på Ål i mai. Der var det stappfullt i Trugehola i Kultuthuset og stor stemning, for Ingebjør skapar alltid glede og entusiasme når ho stiller opp med hardingfela si! Ho blir også å sjå i beste sendetid på NRK 1 fjernsyn denne hausten. Så merk dykk måndag 26. september kl. 20.15, i ein ny TV-serie!. Så slå på TV'en då!

Terje

Hallinglagsnytt!

- (Gamalt nytt) Trond Roseth gifta seg i februar 2010 med Vivalda frå Angola! Trond vart kjent med henne under sitt mangeårige opphald på Veritas-kontoret der, då han rydda opp i økonomisk rot etter ein tidlegare økonomisjef. I tillegg til si vakre kone fekk han med ein gutunge som heiter Georgi som ho hadde frå før. Nokre vener frå dansemiljøet i BLS og Hallinglaget var med i bryllaupet, som vart halde på ein skikkeleg vinterdag i fjor med mange afrikanske gjester.
- (Heilt nytt) Ingrid Eidsmo som har vore med i Hallinglaget sidan 1999 gifta seg den 17. september i år med Karl Øystein Linge. Mange frå Hallinglaget var så heldige å bli invitert i bryllaupet og var med og feira brudeparet. Karl var med på spikjikkjøtturen til Hallingbu i fjor og Hallinglaget håper å sjå mykje til dei sjølv om dei no er gifte!
- Hallinglaget har vore i vinden i BLS etter at laget sitt medlem Olav Thon meldte seg på som ein redningsmann for Nordahl Bruns gate 22. Diverre har ikkje dei storslåtte gåvene vekt berre glede, for dei kom nok i vegen for ei enkel overtaking av garden, som har vore planen til Bøndernes Hus AS, som er forretningsstyret til BUL i Oslo. Dei meiner at BLS ikkje kan klare å styre med sin eigen gard. Olav Thon har får auga opp på alle om at me har ein verdifull gard midt i smørauget av Oslo sentrum.
- Bergitte Kjosvatn stilte opp i B-klassa på Landskappleiken i Seljord med ein gnistrande Nordlandspols saman med Sindre Solberg. Dei klarte 86 poeng og fyrste premiegrad. Det var godt gjort i fyrste forsøk i Dans Fele, men me i Hallinglaget veit jo at Bergitte er god til å danse og me gleda oss over dansen deira.



Sindre og Bergitte vil halde kurs i Polsdans for nye på Riksscena 3. desember i år, under Dansedykk for Nord-Noreg, frå kl 10.00 til 13.00. Sjå www.riksscena.no.

HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

22. - 23. oktober 2011



Laurdag: 22. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 23. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktører:

Nils Ove Gjeldokk frå Ål og
Sigrun Bæra Svenkerud frå Ål.
Begge er A-klassedansera.

Spelemenn:

Olav L. Mjelva på hardingfele og
Lisbeth Haraldsen på torader.

Mat: Det blir ei matpause med god mat omlag kl. 14.00.

Pris: Kr. 350,-/400,- for medlemmer/ ikkje medlemmer der mat, kaffi
og te er med i prisen! Studentar og ungdom under 20 år berre kr. 250,-.

Kursinformasjon:

Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar.

Sigrun Bæra Svenkerud og Nils Ove Gjeldokk er begge frå Ål, men Sigrun bur no på Nesbyen. Begge er A-klassedansera som har dansa i ein mannsalder. Dei er premiært på mange kappleikar, saman vant dei A-klassa i 1977 og hevdar seg no i toppen av D-klassa. No er det desse to som kan mest om hallingspringar med to følgju, for saman med legendariske Gunvor Trinrud vant dei A-klassa på Landskappleiken både i 1972 og 73!

Begge har halde mange kurs i Amerika og har dansa og lært av til døme Tor Underberg frå Ål. Dei vil lære oss mest mogeleg hallingspringar på to dagar!. Dei vil leggje vekt på mange interessante moment i hallingspringaren:

- slik som takt og rytme, steg, teknikk, vendingar og variasjonar....
- ... og dans med to følgju for dei som vil prøve seg på det!
- Her blir det liv og lek, og mange deltakarar!

NB! Meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... **så meld dykk på så snart som råd!**

Hallingspringar Hallingspringar Hallingspringar Hallingspringar Hallingspringar

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 7. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 21. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 5. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 19. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 2. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 16. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 30. nov.** Juleavslutning m/dans kl. 19.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Fredag 16. sep.: CD-slepp / konsert / dans med Ingebjør Sørbøen
frå Ål kl 19.00 -22.00 i Halli, NB gt. 22. Pris kr. 80,-

Sundag 18. september: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola Imset spelar!
Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det blir
springardans ein ekstra time etter kurset. **Møt opp!**

22. – 23. oktober: Helgekurs i Hallingspringar!
Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.
Instruktørar: **Nils Ove Gjeldøkk og Sigrun Bæra Svenkerud.**
Spel ved: **Olav Luksengård Mjelva** (hardingfele) og
Lisbeth Haraldsen (torader).
Pris: kr 350,- for medlemer og fyrirhandspåmelde.
Kr. 400,- for dei som kjem direkte på kurset.
Eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!
Møt opp og bli ein betre dansar!

Laurdag 29. oktober: Oslokappleiken på Riksscena heile dagen,
Fest på kvelden!

Sundag 20. november: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden
frå kl. 19.30. **Enebakk Spelemannslag** m Ola R. Imset spelar.

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

Rørosmartnan - kva er no det?

Å suse oppetter Østerdalen med NSB, med hovud og kropp full av forventning, og fleire dagar i polsens mekka framom seg, nemlig Rørosmartnan.

Ei flaske vin vert opna mens toget glir forbi kvite vidder. På perrongen såg me ein kjentmann, og snart sit me i same kupe og snakkar om dans og musikk, tidlegare opplevingar, og forventningane som ligg framfor oss. Seinare lurar me; kven var denne karen eigentleg?

Namnet hugsar me ikkje, berre andletet, men kva spelar vel det for rolle? I denne samanhangen inga; her møtast me som gode venner over dans og musikk.

Å koma fram akkurat så seint at me rekk dei siste par tre dansane før Sangerhuset stenger for kvelden. Ut av huset står dampen, inne er folk blide, varme, glade og gode; så vakker gleder gjer eit menneskje.

Rørosmartnan er eit eldorado av valmuligheiter innanfor musikk, konsertar, buskspel, dans, tradisjonshandverk, lokale mattradisjonar og bakgardar fulle av historisk sus. Å få med seg alt er vel nærmast umogleg, men så er heller ikkje det meininga, og her vert vala ofte befriande spontane.

For sit man på Kaffistugu etter middagsdansen for å dele eit par øl og litt mat, er det lett å oppdage at heilt ”plutselig” har tida flydd og dei to øla vart til fleire. Buskspelet har brakt oss inn i musikkens vedunderlege verden, med ein intensitet så sterk at det er vondt å sitte stille. Den eine kjem, den andre gjeng, og no er me på veg til konsert i lavoen til Magne med Fru. Ute står gullbukken med simlene på tunet, og inne er det stuvande fullt. Her er kjende og ukjende, men her og nå er me alle kjende, og saman. Praten går lett over borda, me pakkar oss tettare saman, her vert det laga plass til alle. Brått stilnar praten da noko av det beste av norsk og svensk folkemusikk tonar ut i lavoen. Eit spenn frå vilt og begeistra til det varaste vakre. Seinare tek me plass ved grua, der Magne serverer kaffi frå ein stor kaffikjel som heng og godgjer seg over varmen. No er det tid for mat, og her som på Kaffistugu vert det finnbiff. Litt stusseleg så den ut der den låg i djupe fat, men for ein smak! Heile vidda i ein munnfull.



Varme og med raude kinn vandrar me derfrå og ut i Rørosnatta. Kulda har sigi på, og dampen frå koia stig opp mot himmelen, legg seg framfor månen og sett oss med eitt inn i Kittelsens trolske landskap. Tussar og troll dansar pols i måneskinnet.



Mykje anna kunne nemnas; som konserten med Dalakopa, den er på alle måtar så nær at man kjenner seg fysisk fylt av musikken, det sitrar i kvart eit ledd. Dansen i Sangerhuset, time etter time, som eit suggererande mantra.



Kaffi med litt ekstra i koppen ute i Apotekergården rundt bålet, med springleikspel både frå fele og torader. "Spel Lalmingen", ber eg, og "ja da", svarar gutane og klemmer i veg.

Å få bu i lag med gode venner frå Hallinglaget må og nemnas, midt i sentrum hadde me det som **strålande** saman med Rolf, Bente og Bergitte.

Men noko ta det aller gjævaste denne martnan var da me fekk tel "Rørossviven" siste kvelden. I god gamal tradisjon; etter å ha studera tradisjonsberar (les: Tore med topplua), år etter år. Da sviven satt som "et skudd" i gymbygget var me høgt oppe gitt!

Dette er litt av kva Rørosmartnan er for meg, som anbefalast på det varmaste. Så takk, me kjem att neste år!

Else.



Eit interessant historisk bilete:

Dans med 2 følgju (Sigrunn Bæra Svenkerud, Gunvor Trintrud og Nils Ove Gjeldokk). Biletet er frå Folkemusikkdagane på Bakketeigen (Ål) i 1980. Spelemann er legendariske Jens A. Myro.

Ny CD-plate: "Godsruta" med Arne Anderdal



Arne er nummer to frå venstre.

Vegen har vore lang og innhaldsrik frå eg starta på fela i januar 1982, og fram til denne utgjevinga. Starten var eit nybyrjarkurs i Hemsedal Spelemannslag. Tida gjekk og alle kursdeltakarane datt av lasset - til berre eg var att. Vidare opplæring føregjekk då hjå far og son Syversbråten.

Eg kom fort i kontakt med spelemannsmiljøet i Hallingdal gjennom Hallingdal Junior-spelemannslag og vidare gjennom ulike spelemannsmøte, konsertar og festar i dalen. Hadde ikkje så få turar til Øyvind Brabant på Nes og Jens A. Myro på Ål. Vidare hadde eg god kontakt med Harald Knutsen på Geilo.

Før eg starta med fela, var eg aktiv som dansar i Samhald Ungdomslag. Her var samarbeidet med spelemannslaget tett. Det var eit stort og aktivt dansemiljø i Hemsedal på 1980-talet og inn på 1990-talet. Spelemannslaget spelte ofte til dans på ulike tilskipingar og festar. Denne tette kontakten med dans og dansarar har ført til at eg har jobba mykje med dansespel. Har vore heldig å fått spela for fleire av dei beste dansarane i landet både til kurs, konsertar og kappleik. Blant anna for to kongepokalvinnarar på landskappleik. Dansespelet har ført meg ut i verda med blant anna fleire turar til USA som dansespelemann og feleinstruktør.

Gjennom alle desse åra har eg vore innom musikk frå mange kantar. Har spelt mest hallingspel, men òg mykje vestlandsspel gjennom snart tjue år på Voss. Har hatt glede av å vera musikalsk leiar i Voss Spelemannslag sidan 2000. Her har det vore eit tett samarbeid med mellom andre Leif Rygg og Frode Borge.

Alle åra med fela har vore ei samanhengande leiting etter god musikk. Gjennom å ta ein utøvande bachelor i tradisjonsmusikk ved Ole Bull Akademiet i 2008, fekk eg høve til å studere diverse kjelder frå Hallingdal. Med stor hjelp av Håkon Asheim fekk eg tyda skurrande arkivopptak og meir eller mindre utydelege notar, og fann slik fram spennande og ubrukt materiale.

Eg har òg sett meg inn i det vesle materialet av tradisjonsmusikk med utøvarar frå heimbygda Hemsedal. I bygda var det durspel og trekkspel som lenge rådde grunnen. Difor har eg òg henta noko repertoar her og overført det til fela. Denne utgjevinga er eit tverrsnitt av det eg har spelt på gjennom snart tretti år. Heilt frå starten i spelemannslaget har eg spelt i lag med musikarar og instrument av ymse typar, og difor er det naturleg for meg å ha mykje samspel på plata. Og stor stas er det å kunne ha med denne gjengen med musikarar som til saman vert gruppa Godsruta.

Arne Anderdal

**Kan kjøpast av Arne Fredriksen,
Etnisk Musikkklubb, Masovngata 18, NO-3616 Kongsberg, 32 73 56 60**

Arne Fredriksen: arne@etniskmusikkklubb.no
Kontakt artist: arne@olebull.no Mob. 90165283

Buskerudkappleiken, 9. april 2011.

Laurdag 9 .april stilte Hallinglaget opp på Buskerudkappleiken i Hokksund, fem par og med Lisbeth Haraldsen som spelkvinne. Ho spelte med god variasjon og gav oss impulsar til dansen, og sette inn ekstra ” trøkk” her og der, og då er lagdans moro. Mykje takka vere Lisbeth på toraderen, trur eg, det var ho som fekk oss inn i takta slik at me vant! Ho fekk fram dansegleda og smilet, så me dansa ekstra godt! Ja, me var faktisk så ivrige på scena at me nesten ikkje klarte å slutte! **Takk til speldama vår!** Det var godt spel og dans! - for det var to gode lag frå Kongsberg Spel- og danselag som me tevla mot. Dette var eit godt vårslepp – for det var ein fantastisk dag, ute!

Me dansarar møtte i god tid og planla å øve eit par gonger før me skulle inn. Men det var nesten tilfeldig at me nådde eit par oppvarmingsdansar før me skulle på scena. Det var forsåvidt bra, for som det ofte er, var det også på denne kappleiken litt forsinka, ei stund, men så gjekk det unna.

Det var dansesamling for Danseru’, for ungdom i Buskerud denne helga, og desse og spelemenn som var der, skulle delta på kappleiken. Dette må ein rekne med at arrangøren visste om, så at kappleiken måtte utsetjast vitnar om mangel på planlegging. Men slik er det visst, seier røynde dansarar. Ja, ja, kanskje det, men er ikkje det dumt at det er slik? Ein kunne f. eks. enkelt og greit byrje når ”Danseru”-øvinga var planlagt ferdig, og så starte kappleiken då.



Bak frå venstre: Per Lyder Frøvold og Sigbjørn Galdal.

Damene rundt bordet frå venstre er Else Mohn, Berit Grøtt Ellefsen, Grete Iversen og Anne Stuvøy.

Elles er det bra at det er kappleikar, slik at ein har møteplassar, arenaer å vise seg fram på, ein stad ein kan øve seg til framføring med tanke på det store i folkemusikkmilljøet, landskappleiken. Dans er ein leik, og det er livet for barn, leve i og med leik. Sidan det heiter "kappleik" så er det vel denne fridomen barn kjenner når dei er fri for vaksenstyring ein etterlyser i dansen, i kappleik. Ein ekstra sving og lyft er kanskje då uttrykk for impulsivitet, impuls frå musikken til dansarane. Elles er kappleik ein møteplass, der ein treffer folk med same interesse som ein sjølv, og då er ein i godt lag og opplever fellesskap. Det gjer livet verdfullt.

Anne Stuvøy

Hallinglaget takkar dei som var med og "leika" seg til siger. Dansepara som dansa var: Oddmund Vestenfor og Berit Grøtt Ellefsen, Sigbjørn Galdal og Grete Iversen, Terje Grangård og Kjersti Aasen, Svein Aasen og Anne Stuvøy, Per Lyder Frøvold og Else Mohn.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2011

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
- Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste). Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til. Vanlegvis er kurshelga om hausten.

Folkedanskveldar hausten 2011

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	<i>Storsalen kl. 19.30 -22.45</i>	<i>Halli, minikurs 1800-1930</i>	Arrangør lag
04. sep	Bærum spelemannslag	Vestlandsspringar	Hordaringen
11. sep	Sofienberg spelemannslag	Rørospols	Rundsnuen Danselag
18. sep	Østerdølenes spellmannslag	Hallingspringar!	Numedalslaget i Oslo
25. sep	Mumriken	Parhalling	SF-ringen
02. okt	Farande Fant	Stildans	Symra
09. okt	Steinsgårs Kroen	Springleik frå Vågå	Rundsnuen Danselag
16. okt	Østerdølenes spellmannslag	Bodapolska	SF-ringen
23. okt	Feleboga m/ Solveien sp. manns lag	Rørospols	Hordaringen
30. okt	Bærum spelemannslag	Bingsjøpolska	SF-ringen
06. nov	De Frilynde	Stildans	Symra
13. nov	Tonje og Stein Magne	Pols frå Finnskogen	Rundsnuen Danselag
20. nov	Enebakk Spelemannslag	Tovdalsspringar	Hallinglaget i Oslo
27. nov	Eiker Spelemannslag	Menuett frå Oravais	Symra
04. des	Farande Fant	Bodapolska	SF-ringen
11. des	Fanteladdane	Polsdansen frå Finnskogen	Hordaringen

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 100,-** som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bls.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2011 - 2012

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: grangard@c2i.net
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no
Kasserar:	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: elinberg04@hotmail.com
Skrivar:	Ola R. E. Imset Ignaveien 129, 1912 Enebakk	Tlf: 6492 6336 – heime 9013 3907 – mobil E-post: ola@imset.net
Medlemer:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Renate Nysted Tønnessen Vallefaret 16, 0663 Oslo	Tlf: 9955 2650 - mobil, E-post: renatenysted@yahoo.no

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar:	Eilev Groven Myhren Bertramjordet 60, 1251 Oslo	Tlf: 9056 3657 – mobil E-post: eilevgmyhren@yahoo.com
Medlemer:	Svein Aasen og Terje Grangård.	

Stoff til Hallingljom kan sendast til Eilev G. Myhren eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
---------------	--	--

Medlemer: Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo, Michel Gascoin og Trond Roseth.

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 2225 2949

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Hallinglaget på nettet: Nettadressa er: www.hallinglaget.net

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og www.dans.laus.no!

Hallingbu



ERB
JR.96